



Firda Settefisk AS avd. Norddal
Kalvøyna 75
5970 Byrknesøy

Saksbehandlar, innvalstelefon
Åsmund Skancke Karlsnes, 57 64 31 22

Rapport etter tilsyn hjå Firda Settefisk AS avd. Norddal

Kontrollnummer: 2024.304.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn den 5. november 2024 med Firda Settefisk AS (organisasjonsnummer: 940 316 073) sitt landbaserte akvakulturanlegg på lokaliteten Norddal.

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har større produksjon enn tillate
- Avvik 2: Verksemda si prøvetaking er ikkje i tråd med vilkåra i utsleppsløynet

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Vi ser alvorleg på avvik 1.

Firda Settefisk AS må snarast rette opp avvika. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding innan 1. februar 2025, som viser korleis de har retta avvik, og eventuelt ein tidfesta handlingsplan for å rette det som står att.

Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknad:

- Merknad 1: Verksemda rapporterer dårlegare oppnådd reinsing enn tilsvarende anlegg

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr

Firda Settefisk AS avd. Norddal må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding frå dykk på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlp@statsforvalteren.no og merkar e-posten med saksnr. 2022/9904.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda har større produksjon enn tillate

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Utsleppsløyvet frå 22.3.2002, grense for årsproduksjon av settefisk, jf. side 1 i løyvet.

Om krava

Utsleppsløyvet gir løyve til forureinande verksemd, på visse vilkår.

- Løyvet gjeld for ein produksjon på inntil 300 tonn settefisk av laks og aure per år.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Produksjonen i anlegget har dei siste fem åra vore høgare enn det som løyvet gir rom for (frå 2019 til 2023: 329, 386, 308, 327 og 308 tonn). Produksjonen i 2023 var på 308 tonn fisk, og maksimalt har det vore produsert 386 tonn i 2020. Produksjonen har vore på mellom 3-29 % høgare enn det løyvet gir høve til. Det høgaste talet var året då laks ble utfasa frå anlegget. Verksemda informerte om at noko skuldast is i fjorden, og at fisken ble ståande lengre på anlegget enn planlagt ettersom båtane ikkje fekk lagt til kai for å hente fisken.

Under tilsynet vart det lagt fram eksempel på at brota på produksjonsmengdene var avviksførte internt. Statsforvaltaren har ikkje blitt varsla om overproduksjonen.

Avvik 2: Verksemda si prøvetaking er ikkje i tråd med vilkåra i utsleppsløyvet

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Utsleppsløyvet frå 22.3.2002, punkt 2.3: Kontroll med utsleppet

Om krava

Utsleppsløyvet set krav til korleis utsleppskontrollen ved reinseanlegget skal utførast, sjå tabell under punkt 2.3. Mellom anna er det krav om at suspendert stoff i vassprøver skal målast over minimum 3 dagar 12 gonger pr. år.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Observasjonar:

Verksemda måler suspendert stoff som døgnblandeprøve for eitt døgn. Dei meiner at dette gir eit meir realistisk bilete av utsleppet og derfor er meir formålstenleg enn ei prøve tatt over minimum 3 dagar.

Vår vurdering:

Løyvet er gammalt, og vilkåra knytt til prøvetaking er annleis enn dei som blir gitt i løyve i dag. Vi ser positivt på at verksemda har identifisert tiltak for å gjere prøvetakinga meir representativ. Sjølv om vi er einige i at kravet i løyvet er utdatert, er vilkåra i løyvet framleis formelt gjeldande til det blir endra eller oppheva.

Vi presiserer at det er det enkelte anlegg sitt ansvar å søke om endring av løyvet, dersom dei ikkje kan innfri dei krava som er sette i løyvet, eller at krava som er sette er vurderte til å vere utdaterte.

Verksemda må søkje om å endre løyvet, når dei meiner vilkåra er lite formålstenlege. Alle endringar av vilkår i utsleppsløyvet skal vurderast av Statsforvaltaren, som kan ha merknader til dei føreslegne endringane.

Merknad 1: Verksemda rapporterer dårlegare oppnådd reinsing enn tilsvarande anlegg

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Firda-konsernet har fleire settefiskanlegg, og er såleis i ein posisjon der dei kan samanlikne drift og reinseløysingar, måleresultat og reinseprestasjonar. Vurderingane av det enkelte anlegget sine resultat for utsleppsreduksjon kan tene på at det blir jobba med reinsing, måleprogram og den systematiske internkontrolloppfølging av dette på tvers av anlegga.

Det er ikkje sett konkrete utsleppsgrenser i utsleppsløyvet til anlegget på Norddal. Basert på rapporterte målingar og utrekningar for 2023 vil Statsforvaltaren likevel peike på at det er oppnådd

veldig låg grad av reinsing ved dette anlegget.

- Verksemda har meldt inn at mengd oppsamla slam var ca. 1 % tørrstoff per tonn fôr brukt. Dette er eit godt stykke under snittet for det som er rapportert inn frå alle anlegga i Vestland med reinsing, som ligg om lag på 9 % oppsamling.
- Den berekna utsleppsreduksjonen for Norddal er 0.9 % for nitrogen, 2.6 % for fosfor og 3,7 % for TOC. Gjennomsnittet for alle som har rapportert til Statsforvaltaren dei siste par åra har lege på rundt hhv. 11-12 % for N, 34-36 % for P og 30-32 % for TOC.
- Det spesifikke utsleppet (kg per tonn produsert) for Norddal er også langt over gjennomsnittet for fosfor og TOC.
- Det er større variasjonar i måleresultata i slammet frå Norddal enn vi forventar frå denne typen anlegg. Måleresultata i 2023 avvik også noko frå snittet av det andre rapporterer.

Det kan vere fleire grunnar til at den oppnådde reinsinga verksemda har rapportert er låg. Det kan komme av at reinseanlegget i seg sjølv oppnår ein låg reinsegrad, eller at prøvetakinga ikkje er representativ for det faktiske utsleppet. Verksemda bør kvalitetssikre måleprogrammet, med tilhøyrande rutinar og prosedyrar som skal sikre representative prøver. Vurdering av resultatata av det ein måler på, er ein del av krava om utsleppskontroll og måleprogram som er standardkrav i nyare løyve.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Firda Settefisk AS må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet. Dette tilsvarer sats 1 for tilsyn som varer inntil ein dag og er gitt på bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr som vart gitt på tilsynet og i e-post, og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldende krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av Firda Settefisk AS - Norddal sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er del av ein nasjonal tilsynsaksjon med landbaserte akvakulturanlegg og er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Åsmund Skancke Karlsnes
- Grete Hamre

Kontaktperson hos verksemda:

- Arild Norddal

Anlegg

Følgjande av Firda Settefisk AS sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Lokalitet 13713 Norddal / *Norddal, settefisk (4602.0081.01)*

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Utsleppskontroll for utslepp til vatn
- Reinseanlegg
- Internkontroll
- Slamhandtering
- Miljøovervaking

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) og tilhøyrande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)
- Anlegget sitt løyve etter forureiningslova, datert 22.3.2002 (utsleppsløyvet)

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Årsrapportering til Statsforvaltaren frå 2023
- Miljøgranskingar frå 2016 og 2020
- Internkontrolldokumentasjon, m.a. delar av miljørisikoanalysen, skriftlege rutinar for utsleppskontrollen

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Løyve som er av eldre dato

Løyvet til lokaliteten er gamalt, og fleire av vilkåra er utdaterte sett i lys av den faktiske aktiviteten på anlegget og dagens kunnskap om miljøverknader av utslepp frå akvakulturanlegg. Vi presiserer at det er det enkelte anlegg sitt ansvar å søke om endring av løyvet, dersom dei ikkje kan innfri dei krava som er sette i løyvet, eller at krava som er sette er vurderte til å vere ueigna.

Løyve som er over 10 år gamle, kan endrast med oppdaterte med vilkår som følger av dagens kunnskap og faktiske forhold, jf. § 18 tredje ledd i forureiningslova.

Tilsynet ved dette akvakulturanlegget er gjort i samband med ein nasjonal tilsynsaksjon. Data frå aksjonen, i lag med data frå spørjeundersøking, vil inngå i Miljødirektoratet sitt arbeid med å føreslå standardiserte krav til landbaserte akvakulturanlegg. Vi ventar med ein full gjennomgang og oppdatering av alle gamle løyve til vi får meir informasjon om kva som blir lagt vekt på i Miljødirektoratet sitt standardiseringsarbeid.

Søknader om mindre endringar i løyva vil likevel bli behandla fortløpande.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i tråd med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Åsmund Skancke Karlsnes
tilsynsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

- Kinn kommune